

Ironi og retorikk hos Paulus

Paulus' samanlikning (*σύγκρισις*) med sine motstandarar i 2 Kor 11:16-29¹

ODD MAGNE BAKKE

1 Innleiing

Når hovudoverskrifta i oppgåveordlyden er "Ironi og retorikk hos Paulus", forstår eg ikkje det som at eg i brei skala skal undersøke dei retoriske verkemidla Paulus bruker i sitt forsøk på å overtale korintarane, eller at det skulle vere nokon form for motsetnad mellom "ironi" og "retorikk". Eg tolkar det slik at eg skal avgrense meg til å undersøke Paulus' eventuelle bruk av ironi i hans argumentative strategi for å overtale korintarane til å innta det standpunktet han ynskjer. Då blir det meir presist å seie at eg i det følgjande skal ta føre meg "ironi i Paulus' retorikk" i staden for "ironi og retorikk hos Paulus". Og som undertittelen på oppgåveordlyden indikerer, skal eg undersøke Paulus bruk av ironi i måten han samanliknar seg med sine motstandarar på.

Etter kvart som eg arbeidde med denne forelesinga, vart eg i aukande grad klar over kompleksiteten i teksten og mengda av problemstillingar eg burde ha drøfta for å seie noko om Paulus' eventuelle bruk av ironi. Når situasjonen er slik at eg likevel *må* seie noko om dette etter å ha arbeidd med problematikken i forhaldsvis kort tid, kunne det ha vore freistande å gjere dei orda av Paulus i teksten til mine når han seier: "De som er så kloke, toler vel folk som har mist vetet", 2 Kor 11:19. Men det skal eg avstå frå, for kanskje nokre trur at Paulus er ironisk når han seier dette. Og om tilhøyrarane, særskilt kommisjonen, hadde oppfatta det som ironisk, hadde det ikkje teke seg godt ut.

¹ Oppgjeva prøveforelesing i samband med for den teologiske doktorgrad 6.-7. mars 1998. Det opprinnelege manuset har gjennomgått minimale endringar.

Med dette har eg rørt ved noko av ironiens natur. Den er tvetydig og derfor er det ikkje alltid enkelt å avgjere om eit utsegn eller ein tale er ironisk eller ikkje. Dette er også reflektert i dei mange spesialstudiar til 2 Kor 10-13 og i kommentarlitteraturen til 2 Kor. Av dei forskarane som har undersøkt stilen til Paulus og bruken av ironi i hans argumentative strategi i 2 Kor 10-13, nemner eg Hans Dieter Betz,² Aida Spencer,³ Josef Zmijewski,⁴ Christopher Forbes,⁵ og Glenn Holland⁶. Av dei studiane desse har gjort, vurderer eg bidraget til Christopher Forbes som det tyngste, og det er dette eg oftast vil trekke fram i denne samanhengen.

2 Korinterbrev syner at korintarane sette spørsmålsteikn ved Paulus' autoritet som apostel, og at dei har slutta opp om andre personar som preten-derte å vere rette apostlar. Her har eg ikkje høve til å gå inn i den omfattande diskusjonen i forskinga om kva korintarane og motstandarane kritiserte Paulus for og kven dei sistnemnde var.⁷ Men eg vil heilt kort slutte

² H.D. BETZ: *Der Apostel Paulus und die sokratische Tradition*, Tübingen 1972 (BHTH ; 45). Hovudpunkta i denne boka har Betz presentert i *Paul's apology : II Corinthians 10-13 and the Socratic tradition*, Berkeley, Calif. 1975 (Protocol series of the colloquies of the Center for Hermeneutical Studies in Hellenistic and Modern Culture ; no 2).

³ A.B. SPENCER: "The wise fool (and the foolish wise) : a study of irony in Paul" *NT* 23 (1981) 349-360; idem: *Paul's literary style : a stylistic and historical comparison of II Corinthians 11:16-12:13, Romans 8:9-39, and Philippians 3:2-4:13*, Lanham, Md. 1998.

⁴ J. ZMIJEWSKI: *Der Stil der paulinischen "Narrenrede" : Analyse der Sprachgestaltung in 2 Kor 11.1-12.10 als Beitrag zur Methodik von Stiluntersuchungen neutestamentlicher Texte*, Köln/Bonn 1978 (BBB ; 52).

⁵ C. FORBES: "Comparison, self-praise and irony : Paul's boasting and the conventions of Hellenistic rhetoric", *NTS* 32(1986) 1-30.

⁶ G. HOLLAND: "Speaking like a fool : irony in 2 Corinthians 10-13", *Rhetoric and the New Testament : essays from the 1992 Heidelberg Conference* / S.E. Porter & T.H. Olbricht (eds.), Sheffield 1993 (JSNT.S ; 90), s 250-264.

⁷ For eit realtivt nytt forskingshistorisk oversyn syner eg til R. BIERINGER: "Die Gegner des Paulus im. 2 Korintherbrief", *Studies on 2 Corinthians* / idem & J. Lambrecht, Leuven 1994 (BETHL ; 112), s 181-221. Jf. også B WITHERINGTON: *Conflict and community in Corinth : a socio-rhetorical commentary on 1 and 2 Corinthians*, Grand Rapids, Mich./Carlisle 1995, s 343-350; J.L. SUMNEY: *Identifying Paul's opponents: the question of method in 2 Corinthians*, Sheffield 1990 (JSNT.S ; 40); R.P. MARTIN: "The opponents of Paul in 2 Corinthians : an old issue revisited", *Tradition and interpretation in the New Testament : essays in honor of E. Earle Ellis for his 60th birthday*, Grand Rapids, Mich./Tübingen 1987, s 279-289; E.E. ELLIS: "Paul and his opponents", *Christianity, Judaism and other Greco-*

meg til den oppfatninga at det ser ut som at korintarane var prega av den veksande sofistiske rørsle og av konvensjonelle forestillingar i samtida om korleis ein leiar skulle vere. På fleire områder levde ikkje Paulus opp til desse. Derfor vart han kritisert for at han hadde låg sosial status og at han ikkje var veltalende nok. Det at han i motsetnad til sine motstandarar ikkje hadde tilrådingbrev, var sannsynlegvis også ei av årsakene til kritikk. Dessutan fornerma han korintarane då han nekta og ta imot økonomisk stønad frå dei.⁸ Når det gjeld motstandarane, dei som Paulus omtaler som “overapostlar”, ser det ut som dei hadde jødisk bakgrunn og at dei i lærespørsmål sannsynlegvis gjekk i ei viss judaiserande retning. Dette treng på ingen måte vere nokon motsetnad til at det ser ut som dei var kjende med gresk *paideia* og reflekterte sofistiske verdiar.⁹

I 2 Kor 10-13 forsvarer Paulus apostolatet sitt og argumenterer for at det er han som er den sanne apostel. I den såkalla dårskapstala i 11:1-12:10 gjer Paulus i stor grad bruk av *σύγκρισις* (samanlikning) med sine motstandarar, noko som også vår perikope er prega av. Samanlikning var eit viktig element i den antikke retorikken. Derfor må eg, før eg vender merksemda mot teksten, i tillegg til å heilt kort definere ironi, seie noko om *σύγκρισις* i antikk retorikk.

2 Ironi og *σύγκρισις* (samanlikning) i antikk retorikk

Fleire av dei som omtaler at Paulus bruker ironi i 2 Kor 10-13, definerer ikkje kva “ironi” er, og det kan som Ulrich Heckel påpeiker, vere meir forvirrande enn klargjerande å bruke dette omgrepet.¹⁰ Derfor er det viktig at ein seier kva ein legg i termen, før ein gjer bruk av han. Fleire har samla tekstar frå den antikke retoriske tradisjonen som viser at ironi var eit tema

Roman cults : studies for Morton Smith at sixty. Part 1: New Testament / J. Neusner (ed.), Leiden 1975 (.Studies in Judaism in Late Antiquity ; 12:1), s 264-298.

⁸ B. WITHERINGTON: op.cit., s 348, oppsummerer på følgjande måte: “The fundamental problem is the Corinthians’ image of Christian leadership. At least some of them had created in their minds an image, largely shaped by the values of their culture, of a leader who had honor, power, spirirtual gifts, rhetorical skills, and good references and who would accept patronage. They looked, that is, for a Sophist, or at least for a rhetorically adept philosophical teacher.”

⁹ B.W. WINTER: *Philo and Paul among the Sophists*, Cambridge 1997 (MSSNTS ; 96), s 221. Winter syner til at Philo, hans nevø og andre var jødar som hadde fått opplæring i gresk *paideia*.

¹⁰ U. HECKEL: *Kraft in Schwachheit : Untersuchungen zu 2 Kor. 10-13*, Tübingen 1993 (WUNT. 2. Reihe ; 56), s 20.

av stor interesse for dei som skreiv om retorikk.¹¹ Lat meg sitere eit utdrag frå *Rhetorica ad Alexandrum* som både gjev ein definisjon av *είρωνεία* og indikerer i kva samanhengar det er tenleg å bruke ironi:

Ironi (*είρωνεία*) er å seie noko ved å unnlate å seie det, eller å kalle noko med det motsette av dets rette namn ... Det følgande illustrerer korleis ein seier noko ved å uttrykke det motsette: "Det ser ut til at medan desse ærverdige herrar har påført våre allierte store skader, har vi usle krek tilført dei mange goder ... Også i daddel bør ein gjere bruk av ironi, og latterleggjere motstandaren sin for dei ting han er stolt av."¹²

Etter kvart opererte dei antikke ekspertane på retorisk teori med ei rekke underartar av ironi. I boka *Περὶ τρόπων* distingverer t.d. forfatteren (Tryphon?) blant anna mellom *σαρκασμός* (bitande spott), *μικτηρισμός* (spott, vere spydig mot), *χαριεντισμός* (vittig tale), *ἀστελισμός* (vittig sjølvironi).¹³ Cicero og Quintilian skapte hierarki av ulike typar ironi gjennom lingvistiske klassifikasjonar: ironi av ord versus ironi av oppførsel, enkel versus kompleks ironi, trope versus skjema.¹⁴ I denne samanhengen er det ikkje fruktbart å gå nærmare inn på dette. Derimot skal vi notere oss at den grunnleggande oppfatninga av ironi til både Cicero og Quintilian samsvarer med den nett siterte definisjonen i Alexanderretorikken: ironi er å kalle nokon eller noko ein ting og meine det motsette.¹⁵ Det er dette eg forstår med ironi i denne forelesinga. Det tyder med andre ord at ein må distingvere mellom ironi og parodi. Språkvitenskapen kan definere parodi som "hånande, forvengande eller overdrivande etterlikning av eit allereie eksisterande oppriktig meint verk eller einskilde delar av det [verket] ved at ein held fast på den ytre forma, men med eit anna, ikkje dertil passande innhald".¹⁶

Sitatet frå Alexanderretorikken indikerer at ironi vart vurdert å vere eit nyttig verkemiddel når ein ville kritisere og latterleggjere mostandaren for det som han var stolt av. Dette er også reflektert hos Hermogenes. Når han diskuterer *βαρύτης* – verkemiddel som er høvelege i ei sterkt kritiserande

¹¹ Jf. t.d. K. BRUKE: *A grammar of motives*, New York, 1945, s 511-517; C. FORBES: op.cit., s 10-13; J.A. DANE: *The critical mythology of irony*, Athens, Ga./London, 1991, s 15-70.

¹² Arist. [*Rh. Al.*] 1434 a; 1441 b 23 [mi oversetting].

¹³ L. SPENGLER: *Rhetores Graeci*, Frankfurt 1854, vol. 3, s 205-206.

¹⁴ J. A. DANE: op.cit., s 48.

¹⁵ Jf. Cic. *De Or.* 2.67.269-70; Quint. *Inst.* 9.22.44.

¹⁶ GERO VON WILPERT: "Parodie", *Sachwörterbuch der Literatur* / idem, Stuttgart 1979⁶, s 585.

tale – seier han at ironi er eit av desse.¹⁷ Vidare slår Hermogenes fast at *βαρύτης* (indingnasjon) vart vurdert å vere spesielt høveleg for ein talar som hadde vorte dårleg handsama, for ein som hadde opplevd at andre tok fortienesta av det han hadde oppnådd og for ein talar som hadde fått sitt gode namn og rykte rakka ned på.¹⁸

σύγκρισις (samanlikning) utgjorde eit viktig element i den antikke retorikken. Dette temaet er handsama både i antikke retoriske handbøker og var ein del av skuleøvingane i retorikk på lavaste nivå.¹⁹ Eit viktig aspekt ved samanlikning ifølge Aristoteles er at det tener til å forstørre (*αὔξησις*) dei *topoi* i lovprising- eller daddeltaler ein ynskjer å fokusere på. Aristoteles diskuterer også kva dyder som var gjenstand for *encomium*.²⁰ Av særleg interesse er handsaminga av *σύγκρισις* i læreboka av Aelius Theon om dei innleiande øvingane i retorikk (*Προγυμνάσματα*). Sjølv om denne læreboka er frå det først eller andre århundre, er det gode grunner til å tru at desse øvingane fekk ei standard form før Theon skreiv sin *Προγυμνάσματα*, og at dei hadde stor innflytnad.²¹

Theon skriv blant anna at “Samanlikning (*σύγκρισις*) er ein talemåte som stiller det beste opp mot det verste. Samanlikning blir trekt mellom mennesker og mellom ting ...”²² Skal samanlikninga vere effektiv, seier han, må ho vere mellom personar og ting som er like, og som det derfor kan rå usemje om. Vidare skriv Theon at når ein samanliknar personar, skal ein først ta føre seg status, utdanning, opphav, stilling, vørnad og utsjånad.

Etter ein har samanlikna personar, seier Theon, skal ein gå vidare med å samanlikne handlingar. Då bør ein blant anna legge vekt på “dei mest stabile og slitesterke” handlingane, gjort frivillig utan nokon form for tvang. Dei skulle vere skjeldne og oppnådde under strev og møyse.²³

σύγκρισις var altså eit vesentleg element i den greske utdanninga, og utstyrte dei som ville rose eller kritisere, både med ein metode og med spesifikke innholdsmessige *topoi* som det var teneleg å gjere bruk av. Hans Dieter Betz, Peter Marshall og Christopher Forbes argumenterer, etter mi

¹⁷ “For *είρωνείαι* are plainly one sort of method which ... certainly do produce indignasjon”, C. FORBES: op.cit., s 12.

¹⁸ Ifølge *ibid.*, s 13.

¹⁹ Sjø t.d. M.H. MCCALL, JR.: *Ancient rhetorical theories of simile and comparison*, Cambridge, Mass. 1969 (Loeb classical monographs); C. FORBES: op.cit., s 3-8.

²⁰ Arist. *Rh.* 1.9.36ff.

²¹ C. FORBES: op.cit., s 6, 26 n. 30.

²² L. SPENGLER: op.cit., vol. 2, s 112.

²³ *Ibid.*, s 112-15.

vurdering overtydande, om at *σύγκρισις* i den antikke retorikken er ein nøkkel som opnar for ei bedre forståing av Paulus' samanlikning med sine motstandarar i 2 Kor 10-12.²⁴

3 Kort om den nære konteksten til 2 Kor 11:16-29

Uansett korleis ein stiller seg til dei mange delingshypotesene og teoriane om framveksten av brevet i si noverande form, er det allmenn semje om at kap. 10-13 utgjer ein argumentativ einskap.²⁵ Paulus forsvarer sitt apostolat og polemiserer mot motstandarane sine. Som tidlegare nemt utgjer vår perikope ein del av den såkalla "dårskapstala" i 11:1-12:10, der Paulus medveten går inn i rolla som dåre for å kunne gje seg sjølvros slik motstandarane gjer. For å få den rette forståinga av vår perikope må eg kort kome inn på Paulus' argumentasjon i avsnittet som går føre dårskapstala, spesielt 10:12-18 er viktig. Som Scott Hafemann har synt, forsøker Paulus her å etablere det sanne kriteriet for sjølvros med tanke på krav om apostolisk autoritet i Korint.²⁶ I motsetnad til motstandarane som skryt av sine egne kvalifikasjonar, hevdar Paulus at den einaste grunn for legitim sjølvros er det som Gud har gjort i eins liv og teneste med tanke på å grunnlegge kyrkjelyden i Korint. Dette kan Paulus rose seg av. Slik ros som Paulus kan vise til, er å rose seg i Herren. Men motstandarane rosar seg utan mål (*εἰς τὰ ἄμετρα*), 10:13, og derfor er ikkje rosen deira gyldig.

Etter å ha konstruert kriteriet for legitim sjølvros med tanke på apostolisk autoritet i Korint og etter å ha synt at det er Paulus sjølv som kan vise til handlingar i samsvar med dette i 10:12-17, introduserer Paulus dårskapstala i 11:1 med å oppmode korintarane om tåle litt dårskap (*ἀφροσύνης*). Men det er ikkje her Paulus starter å tale som ein dåre; det gjer han ikkje

²⁴ H.D. BETZ: op.cit., s 14; P. MARSHALL: *Enmity in Corinth : social conventions in Paul's relations with the Corinthians*, Tübingen 1987 (WUNT. 2. Reihe ; 23), s 53-55, 348-353; C. FORBES: op.cit., s 16-22.

²⁵ Til spørsmålet om redaksjonshistorie og delingshypoteser, sjå R. BIERINGER: "Teilungshypothesen zum 2 Korintherbrief : ein Forschungsüberblick", *Studies on 2 Corinthians* / idem & J. Lambrecht, Leuven 1994 (BETHL ; 112), s 67-105; idem: "Der 2 Korintherbrief als ursprüngliche Einheit : ein Forschungsüberblick", *Studies on 2 Corinthians* / idem & J. Lambrecht, Leuven 1994 (BETHL ; 112), s 107-130; N.H. TAYLOR: "The composition and chronology of Second Corinthians", *JSNT* 44(Dec 1991) 67-87.

²⁶ SCOTT HAFEMANN: "'Self-commendation' and Apostolic legitimacy in 2 Corinthians : a Pauline dialectic?", *NTS* 36(1990) 66-88.

før enn i 11:22. I dei mellomliggende versa før vår perikope rettferdiggjær Paulus kvifor han akter å tale dårskap: omsut (ζῆλος) for korintarane for at dei ikkje må forlate det evangelium dei har teke imot, v 1-6; kritikken som reiste seg etter han nekta å ta imot økonomisk hjelp, v 7-11; det faktum at mostandarane er falske apostlar, v 12-15.

4 Ironi i Paulus' samanlikning (σύγκρισις) med sine motstandarar i 2 Kor 11:16-29

I 11:16 startar Paulus ("atter seier eg") med å peike attende til 11:1, der Paulus introduserer dårskapstala med å be korintarane om å tåle litt ἀφροσύνη (dårskap). Nøkkeltermen ἄφρων (dåre) førekjem to ganger i v 16. Paulus går medveten inn i rolla som "dåre". Han seier at korintarane ikkje må tenke at han er ein dåre, men dersom dei gjer det, så ber han om at dei aksepterer han slik at han også (κἀγώ) kan rose seg litt (μικρόν τι καυχῆσώμαι). κἀγώ peikar attende til motstandarane slik han har skildra dei i 10:12-13. ἄφρων er nesten ekvivalent med uttrykka οὐ συνιᾶσιν (uten forståing), 2 Kor 10:12, og εἰς τὰ ἄμετρα (utan mål), 2 Kor 10:13, som Paulus brukte for å karakterisere skrytet til motstandarane. Som Hans Dieter Betz har synt, var dårens oppførsel i antikken assosiert med ἀλαζονεία (skryt). Den som skryt (ἀλαζών), blir rekna for å vere ein dåre, men Betz påpeiker at han ikkje må bli samanblanda med den verkeleg uforstandige, den som ikkje har utdanning.²⁷ Vidare har Peter Marshall påvist sambandet mellom ἀφροσύνη (dårskap) og ἕβρις (overmot). Dåren er den som i *hybris* skryt av å inneha prisverdige kvalitetar som han i røynda ikkje har, den som har missa medvetet om eigne grenser og gjev seg over til skamfull sjølvros. Marshall syner at "*hybris* viser i motsetnad til *sophrosyne* til arrogante overtramp av guddommelege og menneskelege grenser".²⁸ Paulus vegrar seg tydelegvis mot slik aktivitet. Men ved å vere ein annan enn den han eigentleg er, ved å ta på seg dårens maske, kan han tillate seg det. Når han slik seier at han må bli ein dåre for å skryte, seier han også indirekte at hans motstandarar er dårer og sjølv om han i rollen som dåre opererer på same nivået som dei, hever han seg – som den eigentlege Paulus – opp på eit høgre. Paulus seier altså at han går inn i rolla som dåre slik at han også kan skryte litt (μικρόν). Ut frå 2 Kor 10:12-15 er det rimeleg å tru at Paulus

²⁷ H.D. BETZ: *Der Apostel Paulus und die sokratische Tradition*, Tübingen 1972 (BHT^h ; 45), s 74-75.

²⁸ P. MARSHALL: *op.cit.*, s 194, 352.

meiner at motstandarane skryt mykje. Når han så annonserer at han analogt til desse vil skryte "litt", er det rimeleg å tolke dette som ironi. Han meiner sannsynlegvis at for å matche motstandarane må han etter sin eigen målestokk skryte mykje.

At Paulus vegrar seg for den type skryt han har i tankane, blir ytterlegare understreka i v 17-18. Han finn det nemleg nødvendig å presisere at no skryt han ikkje *κατὰ κύριον* (i samsvar med Herren), men *ὡς ἐν ἀφροσύνη* (som i dårskap). Vidare grunnjev Paulus det annonserte skrytet med at sidan det er så mange andre som skryt *κατὰ σάρκα* (i samsvar med kjødet), dvs. av sine menneskelege fortrinn, vil også Paulus gjere det. Uttrykket *κατὰ σάρκα* står som kontrast til *κατὰ κύριον*. Vi merkar oss at Paulus i samsvar med vår forståing av 2 Kor 10:12-18 ikkje prinsipielt avviser sjølvskryt, men at det er ein bestemt type sjølvskryt han vegrar seg mot, skryt *κατὰ σάρκα*. Skryt av sine menneskelege fortrinn fell nemleg utanfor kriteriet for legitim skryt med tanke på å oppnå apostolisk autoritet i Korint slik han definerte det i 10:12-18. Einaste guddomelege sanksjonerte norm for kva som er legitimt sjølvskryt i kampen for å oppnå status som apostel for ein bestemt kyrkjelyd, er relatert til grunnleggarfunksjonen. All skryt som har sin basis i at ein formidla evangeliet og grunnla kyrkjelyden i Korint, vil i denne samanhengen vere skryt *κατὰ κύριον* men skryt av alle andre ting vil vere *κατὰ σάρκα*. Fordi hans motstandarar skryt *κατὰ σάρκα*, kjenner Paulus seg tvinga til å gjere det same, trass i at dette er ein illegitim form for skryt med tanke på å forsvare sin status som apostel.

Aida B. Spencer signaliserer at ironi utgjør eit vesentleg element i v 16-17, og Charles K. Barret taler om det "the ironical vein" i v 16, og i samband med v 17 hevdar han at det ikkje er lett for Paulus å gjere det klart i kor stor grad han er "serious" og i kor stor grad han er ironisk.²⁹ Dette stiller eg meg spørjande til. At Paulus her seier at han må tale som ein dåre for å kunne skryte slik som motstandarane gjer, fungerer som eit angrep og til dels som latterleggjering av desse motstandarane. Men dette er ikkje ironi. Paulus seier heller ikkje at han er ein *ἄφρων*. Tvertimot er han omhyggeleg med å karakterisere seg *ὡς ἄφρονα* (som ein dåre) og at han taler *ὡς ἐν ἀφροσύνη* (som i dårskap).

Sidan Paulus vil gje seg inn på å skryte *κατὰ σάρκα*, trass den sterke vegringa han synest å ha mot dette, må han både ha opplevd situasjonen så alvorleg at han var villig til å gå på kompromiss med si overtjyding, og at der var noko å oppnå med det. I framhaldet indikerer Paulus at korintarane

²⁹ A.B. SPENCER: op.cit., spes. s 351, n. 4; C.K. BARRETT: *A commentary of the Second Epistle to the Corinthians*, London 1973 (BNTC), s 290.

er mottakelege for slikt skryt. Han seier at dei som er så kloke (*φρόνιμοι ὄντες*), tåler gladeleg folk som har mist vitet (*τῶν ἀφρόνων*), 11:19. Dette grunnjev Paulus med å syne til at korintarane så gladeleg har tolt motstandarane og det som dei utsette korintarane for. Korintarane toler den som gjer dei til slavar (*καταδουλόω*), den som et dei opp (*κατεσθίω*), den som legg hand på dei (*λαμβάνω*), den som opphøgjer seg over dei (*ἐπαίρομαι*), den som slår (*δέρω*) dei i andletet, 11:20. I forskinga er det debattert i kor stor grad Paulus bruker verba metaforisk.³⁰ Det er ikkje nødvendig å gå inn på den debatten i denne samanhengen. Poenget her er at alle verba er negativt lada og uttrykkjer etter Paulus' oppfatning ting av negativ karakter mostandarane har påført korintarane gjennom å opptre som "uforstandige", dvs. at dei i *hybris* har gått utover sitt mål. Sidan korintarane slik toler dårer, indikerer Paulus at dei også vil ta vel imot han når han taler som ei dåre.

Er Paulus ironisk når han i v 19 karakteriserer korintarane som kloke (*φρόνιμοι*) fordi dei så vel toler motstandarane hans? I samband med dette spørsmålet kan det vere verd å merke seg at ei rekkje tekstar frå antikken reflekterer eit ideal i den filosofiske tradisjonen om at den vise skal tole den uforstandiges dårskap utan å la seg affisere av det.³¹ I si bok *Cracks in an earthen vessel* oppsummerer John T. Fitzgerald :

Om han anten blir håna som ein dåre eller sett opp til som ein vis mann, viser den ideele filosofen visdomen sin i måten han svarer sine motstandarar. Krenkingar og fornermingar sørger for den perfekte situasjonen for ein slik demonstrasjon, for "visdommens kraft viser seg bedre når ein viser ro midt i ein provokasjon" (Sen., *Const.* 4.3).³²

På bakgrunn av dette idealet hevdar Glenn Holland at Paulus ikkje er ironisk i 11:19. Fordi korintarane ikkje vart fornerma og lot seg affisere av "overapostlane", fordi dei fann seg i det som "overapostlane" påførte dei, responderte dei som "vise" menneske. Mot Hollands konklusjon vil eg innvende at når Paulus indirekte karakteriserer sine motstandarar som "uforstandige", og korintarane ikkje avviser desse, er det rimeleg at Paulus også vurderer korintarane som "uforstandige". Derfor, når Paulus tiltaler

³⁰ R.P. MARTIN: *2 Corinthians*, Wacho 1986 (WBC ; 40), s 364.

³¹ J. T. FITZGERALD: *Cracks in an earthen vessel : an examination of the catalogues of hardships in the Corinthian correspondence*, Atlanta, Ga. 1988 (SBL.DS ;99), s 103-107.

³² *Ibid.*, s 103.

korintarane som "kloke" (*φρόνιμοι*), er det eit uttrykk for ironi.³³ Paulus latterleggjer korintarane ved å kalle dei for det motsette av kva han meiner dei er.

Ironien held fram og blir forsterka når Paulus i fortsettinga samanliknar seg med sine motstandarar. Han må med skam innrømme, seier han, at "vi har vore for svake (*ἀσθενέω*) for det ", dvs. Paulus har vore for svak til gjennom *hybris* og sjølvskryt å utsette korintarane for negative hendingar. Som Christopher Forbes uttrykker det: "Eit bedre døme på *είρωνεία*, slik det er definert i *Rhetorica ad Alexandrum*, brukt med kraftfull *βαρύτης* er det vanskeleg å finne".³⁴ Og eg vil legge til: Paulus bruker *βαρύτης* i ein kontekst som samsvarer fullt ut med Hermogens' råd: Paulus opplevde å vere dårleg handsama, andre tok forteneasta av arbeidet hans og han hadde fått sverta sitt gode namn og rykte.

I v 21b grunnlegg Paulus nok ein gong skrytet sitt med å samanlikne seg med sine motstandarar. Det andre vågar, det kan vel han også våge. Men han presiserer at dette seier han *ἐν ἀφροσύνη* (i vitløyse). For å kunne skryte slik han no har til hensikt å gjere, kjenner han med andre ord enno ein gang behov for å gjere det klart at han må synke ned på motstandaranes nivå å bli som ein dåre.

Det grundig annonserte dåraktige sjølvskrytet i v 16-21 tek form av ein *σύγκρισις* med motstandarane, v 21-23a. Motstandarane hadde sannsynlegvis rosa seg av sitt jødiske opphav. Paulus skriv: "Er dei hebrearar? Eg og (*καίγω*). Er dei isralittar? Eg og. Er dei av Abrahams ætt? Eg og. Er dei Kristi tenarar? Eg taler som ein vitlaus mann (*παραφρονῶν λαλῶ*); eg er det endå meir." Vi observerer at vi finn påfallande likskaper mellom denne samanlikninga og dei råd Theon gav for samanlikning. Paulus og hans motstandarar fokuserer på opphav (*eugeneia*) og stilling, det å vere Kristi tenar.

H.D. Betz seier at Paulus i 11:22f. presenterar ein ironisk parodi av *toposen περί εὐγενείας*.³⁵ Også Forbes hevdar at Paulus er ironisk når han i-møtegår motstandarane sine.³⁶ Når Paulus gjer bruk av denne toposen og samanliknar seg med opponentane, er det etter mi meining ikkje noko iro-

³³ Slik også t.d. J.A. LOUBSER: "A new look at paradox and irony in 2 Corinthians 10-13", *Neotest* 26(1992) 507-521, her 514; J. ZMIJEWSKI: op.cit., s 195, 207, 209.

³⁴ C. FORBES: op.cit., s 18. Det er almenn semje om at her gjer Paulus bruk av ironi, sjå t.d. J. ZMIJEWSKI: op.cit., s 213.

³⁵ H.D. BETZ: *Paul's apology: II Corinthians 10-13 and the Socratic tradition*, Berkeley, Calif. 1975 (Protocol series of the colloquies of the Center for Hermeneutical Studies in Hellenistic and Modern Culture ; no 2).

³⁶ C. FORBES: op.cit., s 21.

nisk over det. Han kan bruke toposen om opphav rett fram fordi han no skryt som ein dåre, han skryt av sine menneskelege fortrinn.

Når han slik skryt av sine menneskelege fortrinn, bruker Paulus *σύγκρισις* i ein kontekst og på ein måte som samsvarer påfallande med tilrådingane i antikk retorikk. Forutan den nett nemnde bruken av toposane om opphav og om stilling er det tydeleg at Paulus bruker samanlikning for å forstørre dei kvalifikasjonane han ynskjer å framheve. Vidare bruker han samanlikning om personar som er like og som det derfor kunne vere usemje om. Motstandarane og Paulus er like i den forstand at dei gjer krav på apostolisk autoritet.

I v 24 endrar rosen og samanlikninga karakter i og med at Paulus her innleiar ein *peristasis*-katalog som sluttar i 11:33. Her listar han opp ei lang rekkje prøvingar han har måtta gå gjennom som tenar for Kristus. Han seier bl.a. at han har vore i fengsel, at han har vorte piska og steina, at han har lidd skipbrot og vorte utsett for ulike former for fare på reisene sine. Poenget med å syne til desse prøvingane er at det skal støtte Paulus i kampen for å bli akseptert som apostel. Det finst fleire døme på *peristasis*-kataloger i den antikke litteraturen, og fleire forskarar har freista å tolke Paulus' bruk av slike kataloger i lys av desse.³⁷ For å forstå Paulus' bruk av *peristasis*-katalogen i 2 Kor 11 og avgjere om han eventuelt bruker ironi, er det av stor betydning å fastlegge funksjonen til slike kataloger i antikken generelt.

For dette føremålet er det nyttig i første omgang å gå til dei antikke ekspertane på retorisk teori for å sjå kva dei seier om prøvingar.³⁸ Dei handsamar dette temaet når dei innanfor ramma av epideiktisk retorikk diskuterer kva som er føremål for ros. Når det gjeld prøvingar, seier ein at det er grunn til å prise menneske som held ut og overvinn vanskelege omstendene, og at dette er eit uttrykk for dyd. Cicero t.d. skriv at "dyd (*virtus*) blir manifestert ved å syne mot (*fortitudo*) i alminnelege farer (*periculum*) og at stor beundring og annerkjenning skulle bli dei til del som har takla motgang og ulukke (*fortuna*) utan å ha blitt knust (*fractum*) eller missa vørnad (*dignitas*)."³⁹ Og vidare er Theons tilrådingar til studentane sine interessante i denne samanhengen. Han tilrår dei å prise personar "som trass at dei har opplevd ulukke (*ἀτυχῆω*), ikkje har vorte audmjuke (*ταπεινός*), som trass i at dei er fattige (*πένομαι*), ikkje er urettferdige (*ἀδίκος*), og som trass i at dei er i nød (*δέομαι*), ikkje er som slavar (*ἀνδραποδώδης*). Han konkluderer

³⁷ Sjå det forskingshistoriske oversynet i J. T. FITZGERALD: op.cit., s 7-46.

³⁸ I det følgande baserer eg meg på S.B. ANDREWS: "Too weak not to lead : the form and function of 2 Cor 11.23b-33", *NTS* 41(1995) 263-276.

³⁹ Ibid., s 265. Andrews syner til Cic. *De Or.* 2.343-6; Cic. *Part. Or.* 77.

derer med å seie at "dyd (*ἀρετή*) shines forth especially in misfortunes (*ἄτύχημα*)."⁴⁰ Og omvendt seier Theon, på slutten av si handsaming av *encomium*, at "vi vil gje ros (*ἐπαινέω*) på basis av dei tidlegare 'commonplace' argumenta, men vi vil klandre på basis av det motsette." Dette impliserer at ein skal klandre den som i møte med ulykke (*ἀτυχέω*) blir audmjuk (*ταπεινός*), den som i møte med fattigdom (*πένομαι*) blir urettferdige (*ἄδικος*), og den som i nød (*δέομαι*) oppfører seg som slavar (*ἀνδραποδώδης*). Med andre ord, ein skal klandre dei som ikkje er i stand til å halde ut mange prøvingar og farar.

Vidare skal vi merke oss at fleire av termene retorikarane bruker, var direkte relaterte til sosial status. Dette gjeld i alle høve for ord som *dignitas* (vørnad), *ταπεινός* (audmjuk) og *ἀνδραποδώδης* (vere som slaver).⁴¹ Dei som held ut og overvinn prøvingane, har *dignitas* og fortener ros frå andre. Dei som ikkje held ut, er *ταπεινός* og *ἀνδραποδώδης* – makteslause overfor andre som står over dei. Den sosiale statusen var relatert til om ein hadde gjort seg fortent til ros eller ikkje.⁴² Kort uttrykt, for den som møter prøvingar på ein måte som samsvarer med samtidas ideal, medfører dette ros og høg sosial status.

Dette tyder at ein på basis av kva dei antikke retorikarane seier om prøvingar, kan framstille den grunnleggande forma og funksjonen for *peristasis*-katalogar slik.⁴³

1. Kva dei konkrete prøvingane går ut på
2. Reaksjonen på prøvingane
3. Resultatet med implikasjonar for eins sosiale status

Dersom ein person møter prøvingar og vinn over desse, er resultatet at ein er edel og fortener ros med den følgen at den sosiale statusen stig. Omvendt, dersom prøvingane resulterer i at ein ikkje held ut og ikkje møter desse på ein måte som svarer til ideala, blir resultatet at ein er audmjuk og fortener daddel, med den følge at den sosiale statusen blir låg. Dette impliserer at dersom ein person skriv at nokon fortener ros på grunn av prøvingar, seier vedkommande indirekte at denne personen har helde ut prøvingane og er edel og at han gjennom dette får høg sosial status.

⁴⁰ S.B. ANDREWS: op.cit., s 266, som refererer til J.R. BUTTS: *The progymnasmata of Theon : a new text with translation and commentary* (Ph.D. – Claremont Graduate School, 1987), s 474-476.

⁴¹ S.B. ANDREWS: op.cit., s 266.

⁴² Arist. *Rh.* 1.9.1.

⁴³ Teken frå S.B. ANDREWS: op.cit., s 266.

Det er ikkje vanskeleg å finne antikke tekstar som reflekterer den oppfatninga at det å halde ut og å overvinne prøvingar viser at ein er edel og dermed fortener ros og at dette er relatert til høg sosial status. Her må eg avgrense meg til å syne til den tidlegare nemde boka av Fitzgerald. Det synest derimot å vere ferre døme på tekstar som reflekterer den tanke at det å gå under i prøvingar resulterer i låg sosial status. Det finst likevel døme på dette hos Epictetus, 2.1.10-11, og hos Dio Chrysostom, *Oratio* 8.15-18.

Det eg har sagt om form og funksjon til *peristasis*-katalogar, hjelper oss til å tolke Paulus' katalog i 2 Kor 11. Først reknar Paulus opp i ei lange rekkje prøvingar i v 24-28. I v 29 nemner han den status reaksjonen hans på prøvingane gav han. Han seier han er svak (*ἀσθενέω*). Det har med rette vore påpeikt at *ἀσθενέω* hos Paulus har ulike tydingar. Det kan til dømes referere til ein person som har svak tru og som er avhengig av lover og forskrifter, eller til ein person med fysisk veikskap eller med generell mangel på styrke i livets ulike utfordringar.⁴⁴ At den siste nemnde tydinga gjev god mening her synest opplagt.⁴⁵ Men ei slik forståing er ikkje nokon motsetnad til det som fleire forskarar har observert, nemleg at svak her og mange andre stadar hos Paulus inkluderer ein referanse til låg sosial status.⁴⁶ Det eg vil understreke i denne samanhengen, er at når Paulus i v 29 karakteriserer seg som svak, indikerer det at Paulus her ynskjer å framstille seg sjølv som at han ikkje har halde ut eller overvunne prøvingane på ein rosverdige måte. Paulus' utsegn om hans lave sosiale status blir forsterka i 11:30 der han seier at skal han først rose seg vil han gjere det av sin "veikskap".⁴⁷ Fortellinga om då han flykta frå vaktene til landshovdingen åt kong Aretas i 11:32-33, skal ytterlegare fungere som ei understreking av Paulus' van-

⁴⁴ Sjå t.d. C.K. BARRETT: op.cit., s 301; R.P. MARTIN: op.cit., s 382

⁴⁵ C.K. BARRETT: op.cit., s 302, til dømes skriv at "Repeatedly in this and the following paragraphs Paul declares that he is weak, and that it is in his weakness – his humble and humiliated behaviour, his poverty, his unimpressive appearance – that the power of Christ is made known."

⁴⁶ T.d. S.B. ANDREWS: op.cit., s 270; C. FORBES: op.cit., s 19-20. Grunnleggande arbeider når det gjeld å syne at "svak" har status-implikasjonar, er G. THEISSEN: "Soziale Schichtung in der korinthischen Gemeinde : ein Beitrag zur Soziologie des hellenistischen Urchristentums", *Studien zur Soziologie des Urchristentums* / idem, Tübingen, 1989³ (WUNT. 1. Reihe ; 19), s 231-271 [Først publisert i *ZNW* 65(1974) 232-272]; idem: "Die Starken und Schwachen in Korinth : Soziologische Analyse eines theologischen Streites", *Studien zur Soziologie des Urchristentums* / idem, Tübingen, 1989³ (WUNT. 1. Reihe ; 19), s 272-289 [Først publisert i *EvTh* 35(1975) 155-172].

⁴⁷ Jf. B.C. WINTER: *Philo and Paul among the sophists*, Cambridge 1997 (MSSNTS ; 96), s 224.

makt. Som E.A. Judge har påpeikt, er Paulus' flukt ned bymuren i ei kurv sannsynlegvis ein parodi på den heltemodige romerske soldat som først kom seg over bymuren til ein by ein var i ferd med å hærta og av den grunn mottok heder.⁴⁸ Soldaten synte dyd. Paulus derimot stakk av frå vanskane. Ei handling som ikkje var prisverdig. Poenget med fortellinga er å gjere tydeleg at Paulus' reaksjon på prøvingane medførte låge sosial status.

Ut frå det Paulus skriv i 11:22b, er det tydeleg at han samanliknar seg med motstandarane sine. Han har hatt *større* strev, fått *fleire* slag, vore *oftare* i fengsel. Dette indikerer at motstandarane hans rosa seg av liknande prøvingar.⁴⁹ Og at dei framstiller det som at dei har halde ut og overvunne prøvingane på ein slik måte at det var rosverdig. Det er ikkje slik som t.d. Christopher Forbes og Peter Marshall hevdar, at slike prøvingar som Paulus nemner, nødvendigvis måtte medføre skam.⁵⁰ Det avgjerande er – slik som Theon kommenterer i si handsaming av *σύγκρισις* og som han og andre ekspertar på retorisk teori seier, når dei drøfter epideiktisk retorikk – om ein er uthaldande og overvinn prøvingane, om ein viser det rette mot. Derfor blir det feil når Dieter Georgi seier at *peristasis*-katalogane i 2 Kor er eit svar på dei mektige gjerningane til motstandarane og at dei derfor bør oppfattast som ei ironisk etterlikning av slik motstandarane framstilte seg sjølve.⁵¹ Eg kan heller ikkje vere samd med Christopher Forbes når han hevdar at når Paulus er tvinga til å skryte "vil han berre gjere det ironisk, med den hensikt å karikere nettopp den type prestasjonar som hans motstandarar var mest stolte av"⁵². Eg samtykker med Forbes når han seier at Paulus presenterer eit nytt og radikalt syn på kva apostolisk autoritet er basert på, men eg kan ikkje slutte meg til han når han seier at Paulus etablerer dette synet "gjennom ironien hans"⁵³. Motsandarane kunne rose seg av slike prøvingar fordi dei framstilte det som dei heldt ut og overvann dei, noko som medførte ære og sosial status. Det er ikkje det faktum at ein blir utsett for prøvingar som medfører skam og låg sosial status, men det at ein ikkje responderer på desse på ein måte som svarer til ideala i den samtidige kulturen. Derfor er ikkje Paulus ironisk når han rosar seg av sine prøvingar –

⁴⁸ E.A. JUDGE: "The conflict of educational aims in N.T. thought", *JCE* 9(1966) 32-45, her 44-45; idem: "Paul's boasting in relation to contemporary professional practice," *ABR* 16 (1968) 37-50, her 47.

⁴⁹ Slik t.d. ODA WISCHMEYER: *Der höchste Weg : das 13.Kapitel des 1. Korintherbriefes*, Gütersloh 1981 (StNT ; 13), s 85-86; J.T. FITZGERALD: op.cit., s 25.

⁵⁰ C. FORBES: op.cit., s 19; P. MARSHALL: op.cit., s 352, 361-64.

⁵¹ Iflg. J.T. FITZGERALD: op.cit., s 25.

⁵² C. FORBES: op.cit., s 20.

⁵³ *Ibid.*, s 20.

det er konvensjonelt, det gjorde hans motstandarar også. Det som skil Paullus frå motstandarane, er at medan dei rosar seg av sin styrke, rosar Paulus seg av sin veikskap. Indirekte rosar Paulus seg av at han ikkje reponderte på prøvingane på ein heltemodig måte, og at dette medførte låg sosial status. Paulus redefinerer dermed kva som er objektet for skryt. Paulus tek utgangspunkt i ei kjend literær form, ein *peristasis*-katalog, og endrar den alminnelege funksjonen medan han held fast på den ytre forma. Slik sett kan ein seie at det er eit innslag av parodi i måten Paulus bruker *peristasis*-katalogen på, men han er ikkje ironisk. Han seier ingenting der som har den motsette meininga av kva han verkeleg seier.

Eit spørsmål heilt til slutt: Er Paulus' skryt i 11:23b-33 eit utslag av hans skryt i dårskap, er det skryt *κατὰ σάρκα*? Mange forskarar meiner det.⁵⁴ Eg synest likvel at det er meir nærliggande å hevde at Paulus her, utan å gjere lesarane direkte merksame på det, forlet rolla som dåre for å vende attende til den i kap. 12. Det kan nemleg vere rimeleg å forstå Paulus' utsegn i 11:30 om at dersom han må rose seg, vil han rose seg av si avmakt som ein kontrast til det vitlause skrytet han annonserer i v 16-21 og gjennomfører i v 22-23a, der han skryt av sitt edle opphav. Dessutan – og det er det argumentet som veg tyngst – når Paulus redefinerer objektet for skryt frå styrke til veikskap, er dette i samsvar med kva som er det fundamentale kriteriet på ein apostel slik det er framstilt i 12:9. Her refererer han Herrens svar på bøna om å bli kvitt torna i kjødet: “Min nåde er nok for deg, for mi kraft vert fullenda i vanmakt.” Veikskap, audmjukskap og lidingar er det fundamentale kjennemerket på ein apostel. Sidan evangeliet er bodskapet om Guds dårskap og Guds vanmakt, 1. Kor 1:18-25, må også den som er apostel, inkarnere denne dårskapen og vanmakta. Det vil seie at apostelens liv og teneste er merka av Kristi død gjennom både fysiske lidingar og den sosiale stigmatisering. Trass i at vi får inntrykk av at Paulus er noko motviljug til å rose seg av sin veikskap også, jf. 2 Kor 11:30, er denne forma for ros ikkje eit uttrykk for same dårskap som å rose seg av sine menneskelege kvalitetar. På liknande måte som det var ros *κατὰ κύριον*, og dermed legitimt, for Paulus å rose seg av at det var han som grunnla kyrkjelyden i Korint i hans kamp for apostolisk autoritet i høve til korintarane, er det ein legitim form for sjølvros når Paulus rosar seg av sin veikskap.⁵⁵

⁵⁴ Slik t.d. C.K. BARRETT: op.cit., s 262; C. FORBES: op.cit., s 20; G. HOLLAND: op.cit., s 256-261; J. LAMBRECHT: “Dangerous boasting : Paul’s self-commendation in 2 Corinthians 10-13”, *The Corinthian correspondence* / R. Bieringer (ed.), Leuven 1996 (BETHL ; 125), s 325-346, her 337-338.

⁵⁵ Jf. SCOTT HAFEMANN: op.cit., s 86, som konkluderer drøftinga om Paulus' ulike former for skryt eller ros i 2 Kor 11-12 ved å slå fast at “there is an important dis-

5 Konklusjon

I 2 Kor 11:16-29 samanliknar Paulus seg med sine motstandarar i sin kamp for apostolisk autoritet i høve til korintarane. Eg har påpeikt at Paulus' samanlikning reflekterer påfallande felles trekk både med tanke på funksjon og innhald med den retoriske form for *σύγκρισις*. I tråd med hovudtittelen for denne forelesinga har eg primært fokusert på Paulus' bruk av ironi i denne samanlikninga og i perikopen forøvrig. Etter å ha definert ironi i samsvar med den grunnleggjande definisjonen av dette verkemidlet i den antikke retoriske tradisjonen, som det å seie ein ting og å meine det motsette, har eg prøvd å syne at vi finn innslag av bitande ironi i 11:16-29. I v 19-21 latterleggjer Paulus korintarane ved å kalle dei "vise" når han meiner det motsette, og han latterleggjer motstandarane når han seier at han har vore for veik til å påføre korintarane den type vanskar som dei har gjort. Slik latterleggjering fungerer som bitande kritikk både av korintarane som er så tåpelege at dei har lete motstandarane fått innpass, og av det som motstandarane er stolte og skryt av.

Når det gjeld resten av perikopa, har eg argumentert for at Paulus ikkje bruker ironi, med eit lite unntak av 11:16, der Paulus seier at han som ein dåre vil skryte "litt" når han meiner mykje. Eg har forsøkt å vise at Paulus' samanlikning med sine motstandarar i form av ein *peristasis*-katalog i 23b-33 ikkje er, som fleire hevdar, ei ironisk samanlikning med det som motstandarane rosa seg av. Dei synte sannsynlegvis også til prøvingar dei kom ut for som Kristi tenarar. Dette var konvensjonelt. Men Paulus omdefinerte kva som er objektet for skryt, nemleg veikskap i møte med desse prøvingane. Slik sett inneheld Paulus bruk av *peristasis*-katalogen eit element av parodi. Men han er ikkje ironisk. *Peristasis*-katalogen fungerer som eit argument på at Paulus oppfyller det avgjerande kriteriet på ein apostel: veikskap.

tion to be drawn between the foolish boast, consisting of that which is irrelevant for supporting one's apostolic claims (cf. 11.21-23a; 12.1-5), and the boast in Paul's weakness, which is the appropriate evidence for determining the validity of one's apostolic calling (cf. 11.23b-33, 12.5b, 9f). When Paul concludes in 12.11f that he has become foolish, he thus seems to be referring to the two times in which he felt compelled to engage in boasting in his 'strength', i.e. in the strength of his spiritual heritage in 11.21f and in the strength of his spiritual experiences in 12.1-5."